

NVE

Saknr: 201707509

Grunneigarane i Sveindalen

31.01.2022

Voss

Motsegn til endring av konsesjon.

Ynskje i frå BKK om å senka minstevannstand og meir regulering på sommarstid vil føre til ytterlegare utfordringar for grunneigarar og andre brukar av Hamlagrøvatnet.

1. Vi har oppigjennom åra hatt stor erosjon i Sveindalsøyane som ein følge av at Sveindalselva får auka fart og tar med seg mykje massar ved lav vannstand. Det vart gjort utbedringar med terskler i elva i 1986. Desse tersklane har no fått skadar og elva har igjen begynt å ta med seg massar i frå kantane. Bkk har vert på befaring og seier dei vil gjera utbetringar. Vi er bekymra for at ytterligar senking av vatnet vil medføre økt erosjon i elveløp og ellers i «strandsona».
2. Vi får ytterligere problem med båt på Hamlagrøvatnet som følge av lavere vannstand. Dette går og på sikkerheita med å ferdast på vatnet med båt då det kjem fleire grunner og steiner til overflata samt utfordringar med passe på båtane når dei ligg til land.
3. Vi ber om at det vert gjort utgreiingar om dette har betydning for fisken i Sveindalselva.
4. Beitedyr som beveger seg i strandsona vil være meir utsatt for skade ved lavere vannstand.
5. Estetikk. Landskapet vil i større grad forandre seg til det verre ved ein ytterligare senking. Og forringe naturopplevelsen. Dette vil igjen forringe verdien av eigedommar, tomter og eksisterande fritidsboliger.
6. Ved ei eventuell endring i ny konsesjon ber me om at det vert vurdert ei ulempeerstatning.

Med så mange brukarar som Hamlagrøvatnet har ber om at dette vert hensynstat når konsesjonsendring skal opp til vurdering

Grunneigarane i Sveindalen

Mari Eimstad, Solveig Djukastein Kulen, Knut Hellesnes, Erik Blindheim og Arnfinn Djukastein